
Saksnr: 2020/1025-3
Saksbehandlar: Ingeborg Sofie Sætrevik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		08.09.2021

Unike regionale utviklingsprosjekt 2019: Omdisponering av tilskot reg 162-2019 frå Fjordloftet til Paviljongen på Eide

Forslag til vedtak

1. Hovedutval næring innvilgar at Voss herad får omdisponere tilskot REG 162-2019 på inntil kr 500 000 frå Fjordloftet til Paviljongen på Eide med utsett frist for realisering og rapportering til januar 2023.
2. Hovedutval næring ber om at vedtaket vert følgt opp med tildelingsbrev på inntil kr 500 000 til Paviljongen på Eide. I tildelingsbrevet skal det leggjast inn vilkår som sikrar at prosjektet vert gjennomført etter intensjonane og som sikrar at fylkeskommunen sin rolle vert synleggjort.

Samandrag

I 2019 fekk Granvin herad tilskot på inntil kr 500 000 frå ordninga Unike Regionale Utviklingsprosjekt til etablering av Fjordloftet. Hytta var tenkt plassert på i ei fjellside over kaiområde på Eide i Granvin. Det viste seg at universell tilgjenge ville vere krevjande både økonomisk og sannsynlegvis i høve naturinngrep i kystsona. Voss herad søker no om omdisponering av tilskot reg 162-2019 frå Fjordloftet til Paviljongen på Eide. Dei søker også om utsett frist for realisering og rapportering til januar 2023.

Bård Sandal
avdelingsdirektør
reiseliv

Endre Høgalmenl
seksjonsleiar naturressursar, landbruk og

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I 2019 fekk Granvin herad tilskot på inntil kr 500 000 frå ordninga Unike Regionale Utviklingsprosjekt til etablering av Fjordloftet.

Hytta var tenkt plassert på i ei fjellside over kaiområde på Eide i Granvin. Det viste seg at universell tilgjenge ville vere krevjande både økonomisk og sannsynlegvis i høve naturinngrep i kystsona.

Fjordloftet var ein del av ein heilskapleg opparbeiding av det gamle stasjonsområdet på Eide i Granvin, kalla Møteplass Eide. Denne delen av prosjektet er ferdig med unntak av planen om ein felles paviljong bygd på gamle arkitektoniske prinsipp og byggeskikk. Denne paviljongen er teikna i samarbeid med Grannalaget på Eide og Granvin barneskule. Arkitekten hadde eit større arkitekturprosjekt saman med elevane der innspel og idear blei utvikla.

I motsetnad til Fjordloftet har ikkje Paviljongen på Eide moglegheit til overnatting. På den andre sida vil paviljongen kunne opne for fleire møte mellom menneske. Paviljongen består av fleire små hus der fleire familiar kan opphalde seg samtidig. Den er planlagt bygd midt i møteplass Eide der det både er den nye Fjordparken, gjestebrygge, badeplass, fiskemoglegheiter. Ut over desse ulikskapane kan paviljongen oppfylle dei same måla som Fjordloftet om å opne fjorden for Vossingar og bygge dei to gamle kommunane saman.

Voss herad søkjer no om omdisponering av tilskot reg 162-2019 frå Fjordloftet til Paviljongen på Eide. Dei søkjer også om utsett frist for realisering og rapportering til januar 2023.

Vedtakskompetanse

Jamfør Reglement for folkevalde organ og delegering har Hovudutval for næring avgjerdsmynde etter Reglement for økonomiforvaltning punkt 3.2 «Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak. Hovudutvala har mynde til å disponere ufordelte løyvingar i investeringsbudsjettet innanfor sitt ansvarsområde.»

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tiltaket gjeld omdisponering av investeringsmidlar som vart gitt gjennom tilskotsordninga Unike regionale utviklingsmidlar i 2019 og har ikkje innverknad på årets budsjett.

Klima:

Tiltaket har ikkje betydeleg verknad på klima.

Folkehelse:

Paviljongen på Eide er eit folkehelseiltak som ein sosial møteplass der ulike menneskjer kan møtast. Arkitekten bak paviljongen har samarbeidd og utvikla ideen saman med grannalaget og elevar ved skulen. Medverknad og forankring hos innbyggjarar er viktig for å fremje god folkehelse og bulyst.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket er eit verdifullt tilskot til lokalbefolkninga og tilreisande til Voss herad som ein sosial møteplass.

Konklusjon

Som del av ein større sosiale møteplass med fjordpark, gjestebrygge og badeplass er Paviljongen på Eide eit positivt tilskot til lokalbefolkninga og tilreisande til Voss herad. Det er særleg positivt at grannalaget og elevar ved skulen har bidratt til å utvikle idear til prosjektet. Paviljongen vil også oppfylle dei same måla som Fjordloftet om å opne fjorden og leggje til rette for at folk kan møtast på tvers av gamle kommune- og regiongrense og gjere at vossingane får eit eigarforhold til fjorden.

Søknad om omdisponering kan innvilgast då prosjektet er i tråd med den opprinnelege tildelinga frå Unike regionale utviklingsmidlar i 2019.